

Eksamen

15.11.2019

HEA2002 Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Helsearbeiderfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Desse kompetansemåla blir det lagt vekt på i vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte kva det vil seie å vere medmenneske, og korleis ein kan fremme samspel mellom menneske• Drøfte kva respekt og toleranse for andre sine kulturar og tradisjonar, livssyn og sosiale status inneber, og drøfte kva dette har å seie for å fremme fysisk og psykisk helse• Forklare forskjellen på subjektiv og objektiv observasjon og rapportering, og drøfte kor viktig det er med korrekt rapportering, pasientsikkerheit og anonymitet• Drøfte rettleiarrolla, og kva det betyr å kunne ta imot rettleiing

Oppgåve

Situasjonsskildring

Ståle er 71 år. Han har hemiparese og afasi etter eit hjerneslag for 4 år sidan. Han slit litt med å svelge maten når han et, og han har ein del smerter i den eine skuldra. Ståle har heile sitt vaksne liv vore ein aktiv mann med mange interesser, og synest overgangen til eit liv der han er avhengig av rullestol og hjelp frå andre, er vanskeleg. Han finn lite meining det nye tilværet, og enkelte dagar ønsker han berre å halde senga.

Ståle har ingen barn, men har to nevøar og mange gode vener som betyr mykje for han. Han har brukt mykje tid på helgeturar og reiser saman med dei.

Før hjerneslaget jobba Ståle som direktør i eit stort internasjonalt firma. Han budde i ei toppleilegheit med god utsikt over skog og mark, men etter hjerneslaget flytta Ståle til ei lita og meir tilpassa leilegheit på eit eldresenter i sentrum av byen. Utsikta hans no er rett ut i ein bakgard. Du ser at dette plagar Ståle.

Du jobbar i heimesjukepleia og har primæransvar for Ståle. Han har 4 besøk av heimetenesta kvar dag.

- a) Korleis kan du fremme eit godt samspel mellom deg som helsefagarbeidar og Ståle?
- b) Drøft korleis du som helsefagarbeidar kan bidra til å fremme fysisk og psykisk helse for Ståle.
- c) Forklar sosial status, og korleis du ved hjelp av denne kunnskapen kan vise respekt og toleranse knytt til både den tidlegare og den noverande livssituasjonen hans.
- d) Forklar forskjellen på subjektiv og objektiv observasjon og rapportering, og gi eksempel på kvifor det er viktig at Ståles helse er korrekt rapportert.
- e) Drøft rettleiarrolla og korleis du som helsefagarbeidar kan vere ein god rettleiar for Ståle.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Disse kompetansemålene blir vektlagt i vurderingen av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte hva det vil si å være medmenneske, og hvordan samspill mellom mennesker kan fremmes• Drøfte hva respekt og toleranse for andres kulturer og tradisjoner, livssyn og sosiale status innebærer, og drøfte hva dette betyr for å fremme fysisk og psykisk helse• Forklare forskjellen på subjektiv og objektiv observasjon og rapportering, og drøfte betydningen av korrekt rapportering, pasientsikkerhet og anonymitet• Drøfte veilederrollen, og hva det betyr å kunne motta veiledning

Oppgave

Situasjonsbeskrivelse

Ståle er 71 år. Han har hemiparese og afasi etter et hjerneslag for 4 år siden. Han sliter litt med å svelge maten når han spiser, og han har en del smerter i den ene skulderen. Ståle har hele sitt voksne liv vært en aktiv mann med mange interesser, og synes overgangen til et liv hvor han er avhengig av rullestol og hjelp fra andre, er vanskelig. Han finner lite mening i sin nye tilværelse, og enkelte dager ønsker han bare å holde sengen.

Ståle har ingen barn, men har to nevøer og mange gode venner som betyr mye for ham. Han har brukt mye tid på helgeturer og reiser sammen med dem.

Før hjerneslaget jobbet Ståle som direktør i et stort internasjonalt firma. Han bodde i en toppleilighet med god utsikt over skog og mark, men etter hjerneslaget flyttet Ståle til en liten og mer tilrettelagt leilighet på et eldresenter i sentrum av byen. Utsikten hans nå er rett ut i en bakgård. Du ser at dette plager Ståle.

Du jobber i hjemmesykepleien og har primæransvar for Ståle. Han har 4 besøk av hjemmetjenesten per dag.

- a) Hvordan kan du fremme et godt samspill mellom deg som helsefagarbeider og Ståle?
- b) Drøft hvordan du som helsefagarbeider kan bidra til å fremme fysisk og psykisk helse for Ståle.
- c) Forklar sosial status, og hvordan du ved hjelp av denne kunnskapen kan vise respekt og toleranse knyttet til både hans tidligere og hans nåværende livssituasjon.
- d) Forklar forskjellen på subjektiv og objektiv observasjon og rapportering, og gi eksempler på hvorfor det er viktig at Ståles helse er korrekt rapportert.
- e) Drøft veilederrollen og hvordan du som helsefagarbeider kan være en god veileder for Ståle.



www.vigoiks.no/eksamen